

## VILLREINJAKTA 2011 – SAMLERAPPORT FRÅ JAKTOPPSYNET I NORDFJELLA

### 1. OPPSYNSPERSONELL

Følgjande 5 personar var engasjerte av villreinutvalet i oppsynstenesta:

01	Per Aksel Knudsen
02	Alf Waaler
07	Gunnar Dokk
08	Øystein Flaget
09	Håkon Øydvin (oppsynsleiar)

Som dei føregåande åra har oppsynet i Nordfjella vore tilknytt Statens Naturoppsyn/ politiet sin felles oppsynsentral på Skinnarbu.

### 2. UTFØRD TENESTE

Det vart av eige jaktoppsynet utført til saman **67** oppsynsdagar. Desse dagsverka utgjorde i alt **804** timar, noko som gjev ei gjennomsnittleg arbeidstid på 12 timar pr. dag. Tilsvarande tal i 2010 var 78 oppsynsdagsverk, 980 timar, og 12,5 timar pr. dag.

SNO deltok med ein mann som hadde 2 feltdagar på sørsida av rv. 50  
Politiet var med i tilsaman 4 dagar.

Hol fjelloppsyn var med og kontrollerte reinsjegrar 2 dagar.

#### Kontrollar

oppsynskontrollar fordelte seg slik (fjorårstala i parentes):

-	305	informasjon	(313)
-	55	kontrollar før felling	(106)
-	48	kontrollar på slakteplass	(71)
-	12	kontrollar under transport	(7)

Her er Hol fjelloppsyn, politiet og SNO sine tal medrekna.

#### Registrerte tilfelle av skadde dyr fjorårstala i parantes

Skadde dyr sett av oppsyn:	4	(8)
” ” avliva av oppsyn:	0	(4)
” ” avliva av jegerar:	3	(5) ( 1 naturleg skade)
” ” funne daude*:	2	(4)

\* av oppsynet eller andre som har meldt frå om funn av daude dyr under jakta.

Dette gjev ein skadeskytingsprosent (registrerte skadde/ døde dyr i høve til fellingskvote) på 0,57 % (1,6 % i 2010). Ein bra nedgang frå i fjor.

### **3. GENERELT OM JAKTA**

På nordsida av rv. 50 sto dyra rimleg spreidd langt aust og nord frå starten av. Utover i jakta kom dyra vestover men heldt seg langt nord heilt til siste vekene, då dei sveipa innom Aurland og Hol.

Sør for rv.50 var det ein del dyr fyrste 14 dagane i jakta men så trekte mestedelen over Rallarvegen og ut av villreinområde. Siste dagane i jakta kom det inn at ein del bukkeflokkar som kom søranfrå og kryssa Rallarvegen nordover.

### **4. JAKTUTØVINGA**

Oppsynet har 5 anmeldte forhold, som er sendt politiet når det gjeld jaktutøvinga. Ei sak gjeld inhuman jakt, så vart det levert rapport på ei sak der jeger skar kalvekort på vaksen simle. Dei tre siste gjeld funn av døde dyr eller avliving av dyr med skotskade.

Oppsynet melder om til saman 3 OPS-saker (saker der det er gjeve munnlege pålegg på staden). OPS-sakene gjaldt formalitetar omkring våpenkort.

Oppsynet vil også dette året fokusera på unødvendig bomskyting i gode situasjonar, her må jegrane vera sitt ansvar bevist om å sjekka våpen og driva regelmessig skytetrening.

### **5. SAMJAKTAVTALAR**

Bruken av samjaktavtalar over valdgrensene har vorte meir omfattande dei siste åra. Oppsynet ser positivt på samjaktavtalar men vil påpeike at det stiller større krav til jegrane. Oppsynet har registrert ein del uro der jegerkonsentrasjonen blir for høg, men det er ikkje meldt inn alvorlege episodar som knyter seg direkte til samjaktavtalen.

### **6. SAMBAND OG KOORDINERING AV OPPSYNET**

#### **Oppsynssentralen på Skinnarbu**

Til saman 57 samtalar (76 i fjor) vart journalførde mellom oppsynssentralen og oppsyn/politi i Nordfjella. Skinnarbu fungerer svært bra.

#### **Internt samband**

Sikringsradiokanal 12 (i tillegg til 7 og 8) har brukbar dekning i området nord for rv. 50, men er vanskeleg å nå frå områda sør for denne veggen.

#### **Koordinering:**

Både politi, SNO og lokale oppsyn støtter opp om Villreinutvalet si oppsynsordning og melder seg til oppsynsleiar/ Skinnarbu før dei dreg ut.

Aurland, den 18/10-11

Håkon Øydvin  
-oppsynsleiar-